

Bjørn Steinbakk

Øvre Varåsen 50

5210 Os

31/12 2015

Statens kartverk

Tinglysing

Saksbehandlar: Bente Østvold

Saka gjeld tinglysing i forhold til gnr. 235 bnr. 1 Lindås kommune. Sak 8338644/

Me har hatt ein omfattande kommunikasjon i forhold til problematikken rundt tinglysinga. Når eg nå ber teknisk etat Lindås kommune om å senda inn dokumenta på nytt, legg eg ved opplysningar/ dokumentasjon som er håper kan føra til tinglysing.

1. Originalbrev frå Fana Sparebank der banken godtar tinglysinga. Fana sparebank : Som panthaver i eiendommen med panterett kr 680.000,- tinglyst 02. 07. 2014, samtykker vi at ca 5 m2 overføres frå denne eiendom til veg som vist på kartVEDLEGG 1
2. Forkjepsretten. I brevet frå dykk: Datert 13/10 2014 viser de til tinglysningsloven §32 , og konkluderer med at de ikkje kan sletta forkjepsretten. Lovteksten er slik: « En heftelese skal slettes av grunnboken når det tinglyses bevis for at den er falt bort eller for at den berettigede samtykker det.» Eg håper min dokumentasjon blir godtatt. Det er ikkje alltid lett for menigmann å trø dei rette vegane, men for meg er saka ganske innlysande.

Forkjepsretten skriv seg frå eit skøyte underskrive 29/4 1947. Her overfører oldeforeldra til kona mi ,Peder og Marta Eide, garden over til sonen Amund og kona Elisabeth Eide. Eg legg ved kopi av siste del av dette skøytet. Det er her me finn det som angår denne saka. (Vedlegg 2) Her får dei andre borna rett til å bruka arealet, Kjerringhaugen, til byggegrunn. Hovudbruket får forkjepsrett « i fall stykket, bygt eller ubygt, vert selt til andre enn vaar ætt i nedadstigande lina.»

Det vart svigerfamilien min som kom til å bruka eigendomen. Dei bygde ei hytte, som me nå har seld ut av familien. Dermed kjem forkjepsretten inn.

Min førespurnad om tinglysning byggjer eg på lov om løysingsrett §12. Eg vil hevda at eg både kan bruka ledd 1 og ledd 2.

«§ 12.Frist for å gjere forkjøpsrett gjeldande

Forkjøpsrett lyt gjerast gjeldande innan seks månader etter at forkjøpsrettshavaren fekk eller burde skaffa seg kunnskap om dei rettshøve som utløyser retten etter § 11.

Ein part i rettshøvet kan gje skriftleg varsel til forkjøpsrettshavaren med frist til å gjere retten gjeldande innan to månader frå det tidspunkt varselet er kome fram til forkjøpsrettshava

Ledd 1: «Salskontrakt vart underskrive 19/6 2014. (Vedlegg 3) Hans Petter Eide er nærmaste nabo til hytta, slik at han heile tida har vore klar over salet.
Ledd 2: 24/7 sende eg eit brev til han som eit varsel til forkjøpsrettsinnhavar.
VEDLEGG 4

Eg ønskjer å tinglysa at «heftelsen» blir sletta frå grunnboka, med grunnlag i det eg har skrive ovanfor.

Reknar med at ei slik tinglysning er kostnadsfri ut frå §4 i [Forskrift om gebyr for tinglysning, registrering eller anmerkning i grunnboken og](#)

§ 4.Fritak for tinglysningsgebyr og registreringsgebyr

Gebyr betales ikke for tinglysning, registrering eller anmerkning av:

1. bevis for at en heftelse er falt bort, eller for at den berettigede samtykker i at den slettes,

Håper å få denne saka ut av verda nå. Dersom det mot formodning skulle vera manglar i mi framstilling håper eg at det kan handsamast slik:

1. Dersom skrivet frå Fana Sparebank ikkje er klart nok, håper eg de kan ta kontakt med meg på telefon: 45282423. Der kan eg få ei formulering som kan bli godtatt som eg kan formidla vidare.
2. Dersom argumentasjonen min om sletting av forkjøpsrett ikkje blir godtatt, ønskjer eg at tinglysinga blir gjennomført med forkjøpsretten som heftelse. De har tidlegare opplyst meg om at dette er eit alternativ. Dette heftet blir jo heilt av teoretisk karakter, i og med at grunnlaget for å nytta forkjøpsretten jo er borte.

Vh Bjørn Steinbakk